FJALER KOMMUNE
Kommunedirektøren

Arne Skaar Fismen
Flekkekleivane 49
6968 Flekke

Vår ref.	Dykkar ref.	Dato:
26/1491-1/ KRS 26/11666		28.09.2026

Svar på innsendte spørsmål vedkomande skulestruktur i Fjaler kommune

Vedlagt er svar på spørsmål du har sendt oss vedkomande skulestruktur og innsparing i Fjaler kommune.

1. Går kommunen bort fra Agenda Kaupangs arbeid som helhet, eller bare fra deler av det? Dersom deler fortsatt brukes som grunnlag for innstillingen, ber jeg om at det presiseres hvilke deler kommunen legger vekt på, og hvilke den ikke lenger bygger på. Særlig ønsker jeg å vite om det gjelder budsjettmodellen for fordeling av ressurser mellom skolene (rapport R1023076, 08.05.2025, kapittel 5 «Budsjettmodell for 202 grunnskole», s. 14–20), beregningen av økonomiske konsekvenser ved å flytte Flekke skule til Dingemoen (samme rapport, kapittel 7.2.1 «Alternativ 1: Flytte Flekke skule til Dingemoen skule», s. 36–38), eller begge.

   Svar:
   Kommunen går ikkje bort frå arbeidet til Agenda Kaupang som heilskap. Dei to rapportane blir brukte til ulike føremål:

   - Budsjettmodellen (R1023076, kap. 5): Denne byggjer vi på. Modellen blei brukt i budsjettet for skuleåret 2025/26. Han blir òg brukt i budsjett- og handlingsprogrammet for 2027–2030, med oppdaterte elevtal.

   - Estimatet for å flytte Flekke skule til Dingemoen (R1023076, kap. 7.2.1): Dette byggjer vi ikkje på. Rapporten handla om budsjettmodellen som metode for å styre kostnadene innanfor dagens struktur. Estimatet for skulestruktur var eit anslag som kommunen bad om for å få eit bilete på strukturkostnadane.

   - Talet i høyringssaka (4,9 mill. kr): Dette kjem frå «Utredning bærekraftig skolestruktur i Fjaler kommune 2026» (Agenda Kaupang, 11.05.2026). Sjå svar 2.

   Talet i høyringssaka viser potensiale for innsparing. I den endelege saka 19.11.26 brukar vi budsjettmodellen til å rekne ut kostnadene både med og utan endring i skulestrukturen. Dette blir brukt som grunnlag for dei tala vi legg inn i budsjettet og handlingsprogram for 2027-2030.

   Vi kjem til å gå meir inn i detaljane for å kvalitetssikre innsparingspotensiale. Dette betyr mellom anna snittberekning over 3-4 år. Skilje betre mellom snittkostnader og innsparing som faktisk kan hentast ut – mellom anna konsulentbruk og tidsbruk for tiltak og andre

særskilte kostnader. Ta med variablar som ikkje var med i AK sin modell som mellom anna grunnskulestilskotet.

2. Hvilken beregning ligger nå til grunn for den årlige innsparingen som er oppgitt ved å flytte elevene fra Flekke til Dingemoen, og hvor er denne beregningen dokumentert?

   Svar:
   Innsparinga på 4,9 mill. kr i undervisning er henta frå «Utredning bærekraftig skolestruktur i Fjaler kommune 2026» (Agenda Kaupang, 11.05.2026), tabell 21. Talet er omtalt i kap. 5.1 i høyringsdokumentet «Framtidig skulestruktur i Fjaler».

   Utrekninga byggjer på rekneskapen for 2025 og innrapporterte elevtal. Ho tek utgangspunkt i netto utgift til undervisning ved Flekke skule. Frå dette er det trekt det elevane er rekna å koste ved Dingemoen, altså talet på elevar gonger 129 762 kr.

   Talet er ikkje justert for individuelt tilrettelagd opplæring (ITO) og personleg assistanse, som følgjer elevane (sjå svar 4). I saka 19.11.26 legg vi fram oppdaterte tal frå budsjettmodellen. Dette er dei same tala som blir brukte i budsjett- og handlingsprogrammet for 2027–2030. Vi vil òg sjå på korleis kostnadane for Flekke har utvikla seg i 2026. Så langt i år er det eit meirforbruk på ca 2 mill kr utover budsjett. Status for 2026 kan ein lese meir om nå vi er ferdig med rapporten for 2. tertial. Denne kjem til politisk handsaming den 20.10.26 og vil bli offentleg den 15.10.26.

3. Dersom innsparingen på undervisning fortsatt bygger på kostnad per elev ved Dingemoen, hvilket regnskapsår er lagt til grunn, og hvorfor er det året valgt?

   Svar:
   Talet i høyringssaka byggjer på kostnad per elev ved Dingemoen i rekneskapen for 2025, altså 129 762 kr. Vi valde 2025 fordi det var det siste avslutta rekneskapsåret då utgreiinga blei laga. Hovudpoenget i rapporten var å få fram potensiale for om det var mogeleg å få til innsparing.

   I den endelege saka byggjer utrekninga i staden på budsjettmodellen, som tek utgangspunkt i elevtal og behov for skulane i Fjaler framover i planperioden 2027-2030. Rekneskapstal frå tidlegare år blir brukte for å kontrollere at tala er rimelege, og for å oppdage uvanlege endringar.

4. Beregningen av innsparingen i alternativ 1 forutsetter at elevene som flyttes fra Flekke, vil koste det samme som dagens gjennomsnittselev ved Dingemoen (129 762 kr), jf. tabell 21 i «Utredning bærekraftig skolestruktur i Fjaler kommune 2026» (11.05.2026). Netto utgift ved Flekke inkluderer også rettighetsbaserte ressurser knyttet til enkeltelever, som individuelt tilrettelagt opplæring og personlig assistanse. Agenda Kaupang skriver selv at slike tiltak følger den enkelte elev og ikke skolestrukturen (samme rapport, kap. 6.1.3), og i rapport R1023076 (s. 10) at bruken av individuelt tilrettelagt opplæring ser ut til å være uavhengig av skolestørrelse. Er innsparingen på 4,9 mill. kr i undervisning justert for at disse ressursene følger elevene til Dingemoen, eller forutsetter beregningen at de faller bort ved flytting?
   Svar

Svar:
Nei, talet på 4,9 mill. kr er ikkje justert for dette. Utrekninga byggjer på faktiske tal for 2025, der kostnader til individuelt tilrettelagd opplæring (ITO) og personleg assistanse for elevar ved Flekke er med i netto utgift for Flekke skule.

Vi er samde i at desse ressursane følgjer eleven og ikkje skulen. Ved ei flytting vil dei i hovudsak følgje elevane til Dingemoen. Vi kjem til å sjå nærare på dette i vidare arbeid, jf svar 1. For ITO så kjem det normalt til nye behov, men det er og behov som kan reduserast som følgje av at tiltaka fungerer eller blir avvikla.

Med helsing

Kjell Roger Stien
kommunalsjef oppvekst
Direkte tlf: 57 73 80 60

Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.

Kopi til:
Ola Hovland kommunedirektør